



Ullkurs

LINDÅS: Den 10. juni held Hillesvåg ullvarefabrikk kurs i sortering av villsauull. Det er mogleg å levere villsauull, om den er grovsortert og held tilstrekkeleg god kvalitet. Vil du lære meir om kva Hillesvåg ullvarefabrikk krev for å kunne ta imot villsauull har du no høve til å ta del på kurs.



Vass-stenging

MELAND: Grunna av vedlikehaldsarbeid på hovudvassleidinga på Sagstad vert vatnet stengt tysdag 9. juni mellom kl. 09:00 og 15:00. For abonnentar på Sagstad vil vatnet verta heilt borte. For abonnentar på Fosse vert vasstrykket redusert eller heilt borte.



Pendlarpengar

FEDJE: No er det tid for å søke om pendlartilskot, melder Fedje kommune på sine nettsider. Fristen er 30.06.2015. Årleg tilskotssum er f.t. kr. 15.000,- og vert avkorta etter stillingsstørleik. Ordninga omfattar dei som pendlar minst 3 dagar pr. veke. Søknad skal sendast etterskotsvis og innan 30.06 og 30.11. kvart år.



Sommarles

MASFJORDEN: Også i sommar arrangerer biblioteket sommarles-konkurranse. Alle frå barnehagealder til 9. klasse kan delta i konkurransen som kort sagt går ut på å lesa flest bøker i løpet av sommaren. På biblioteket vert det delt ut lesepass der ein fører på dei bøkene ein har lånt og lese. Ein vaksen må attestera på at bøkene er lesne.

Føler seg feilframstilt

COWI nektar for at dei har gjort fagleg feil i målingane på Frekhaug senter. Dei meiner det handlar om misforståingar.

YNGVE GAREN SVARDAL
yngve.svardal@nordhordland.no

For nokre veker sidan kunne avisa Nordhordland fortelja om støymålingar utført ved Frekhaug senter. Dei målingane har skapt usenje innanfor fagmiljøet, då Hilde Løvik, sivilingeniør akustikk og gruppeleiar hjå Multiconsult, meinte COWI hadde gjort feil i sine målingar. Ho uttalte seg som uavhengig ekspert, henta inn av avisa. Ho sa at bakgrunnsstøyen i leilegheita det vart målt i, må vera under den grenseverdien ein ønskjer å kontrollera måleresultata mot.

Bakgrunnstøy

No stiller altså COWI spørsmål ved om Løvik kan ha blitt misforstått i sine uttaler.

- Det sentrale ved gjennomføring av ei kvar støymåling er kor vidt skilnaden mellom bakgrunnsstøyen og lydnivået frå den aktuelle støykjelda er tilstrekkeleg høg til at bakgrunnsstøyen ikkje påverkar målingane av støykjelda ein ønskjer å måle. Grenseverdiene har i seg sjølv ingen relevans i denne samanhengen, anna enn for å vurdera kor vidt det støyvånet ein måler er akseptabelt eller ikkje, seier Bård Støfringsdal, fagleg leiar akustikk i COWI til avisa Nordhordland.

Det er frå Max fitness si side



STØYDISKUSJON: COWI meiner at Multiconsult kan ha vorte misforstått i sitt forsøk på å forklara støymålingar.

ARKIVFOTO

hevda at byggearbeid under den aktuelle leilegheita lydningane vart gjennomført i, kan ha påverka målinga. Det avviser han.

- Det med byggearbeid har vi diskutert, og han som gjennomførte målinga meiner det er usannsynleg at det har spelt inn, seier Støfringsdal.

Innleiande måling

Han understrekar at målinga ikkje er ei fullstendig måling.

- Dette var ei innleiande måling for å få oversikt over situa-

sjonen og kva kjelder ein har, seier han. - Rett og slett for å finna ut om det var noko som det var vits å gå vidare med.

Men dei var aldri i kontakt med Max fitness for å avklara om dei kunne koordinera målingane med dei.

- Vi fekk opplyst av bebuarane at det ikkje var mogleg å få komma inn på treningssenteret, seier Støfringsdal. Han seier og at det var eit ønske frå bebuarane at det vart gjennomført ei ikkje-varsla måling.

Likevel meiner han at aktivi-

tetar i treningssenteret er den mest sannsynlege årsaka til støyhendingsane som vart registrert under målinga.

- Må verta einige

- Målingane våre indikerer at her har ein eit problem, og at det er lydkjelder vi ikkje finn anna forklaring på. Men for å vera sikker må ein gjennomføra utfyllande målingar.

- Resultata er interessante nok til at dette er noko å gå vidare med. Men den er ikkje tilstrekkeleg åleine for å ha einty-

dig dokumentasjon på samanhengen mellom ulike aktivitetar frå treningssenteret og det ein opplever av støyproblem i leilegheita, seier han.

Han seier at for å komma seg vidare i denne saka må bebuarane i senteret og Max fitness verta einige om ein modell for korleis målingane skal gjennomførast.

- Det er viktig at det er einighet på førehand, for på det viset unngå ein situasjon som skjedde då Sweco måtte avslutta målinga si, seier han.

1.- 5. juli 2015

Førdefestivalen

FØRDE TRADITIONAL AND WORLD MUSIC FESTIVAL

Verda kjem til Førde!

Billettosal på billettservice.no 815 33 133, på Narvesen og 7-eleven.

Kjøp festivalpass og få rabatt på andre konsertar!

WES
NORTH
EAST
SOUTH

SparebankenVest FIRDA ADCOM Scandic SUNNFJORD ENERGI

fordefestival.no